

Kø av julebukkar!

06.01.2010



Julebukkane i Uskedalen lar seg ikkje skremma av det kalde veret. Mellom klokka 17 og 19 i kveld var det nesten kø av dei i dei sentrale delar av bygda, til dømes på Neset der vi registrerte 5 grupper på stutt tid.



Bukkane hadde tildels vore svært fantasifulle med omsyn til det ein kan kalla uniformering. To var sogar iført kamulflasjeuniformar og var saman med ein 'SØRAL-ansatt!'



Bukkane hadde elles eit fellestrekk som var interessant og tankevekkjande: Alle song på engelsk - songen 'We wish you a merry christmas'!. Kanskje dei heller bør satsa på 'Det lyser i stille grender' neste år?



Som takk for besøket og songen fekk dei noko godt.....Det er fint med tradisjonar som det blir halde liv i.
(Foto: Ola Matti Mathisen)